



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Marita Skorpe Falnes, 51568894

Innspel om rutinar for drøfting og løysing av motsegner til kommunale planar

INNLEIING

Når ein kommune sendar planar på høyring, vil Statsforvaltaren i dag normalt gje sine innspel, faglege råd og eventuelle motsegn i brev innan høyringsfristen som kommunen har sett. Viss det blir fremma motsegn til planen, blir desse drøfta, og i nokre høve mekla, etter at motsegna er fremma.

Vi ser at ein del motsegner er av reint teknisk karakter, til dømes at det manglar viktige føresegn, eller at føresegner er utilstrekkelege eller ikkje i tråd med plan- og bygningslova. I andre planar blir det fremma motsegn fordi utgreiingar ikkje er gode nok, eller fordi relevante omsyn ikkje er vurdert i risiko- og sårbarheitsanalysa. Mange av desse motsegnene er enkle å løyse, og kan lett kommast i møte av kommunane. Andre gonger er det snakk om usemje av prinsipiell karakter, og i desse høva må saken oftare førast inn til mekling før motsegnene blir løyst.

Statsforvaltaren i Rogaland ønskjer å få ned talet på motsegner som blir fremma. Dette vil vere med å bidra til ei meir effektiv planlegging, og til å styre ressursane mot dei sakene kor det er reell usemje. Ein mogleg måte å gjere dette på er å drøfte planar med aktuelle motsegner i høyringsperioden. I dette brevet legg vi fram eit utkast til korleis ein slik prosess kan gå føre seg. Forslaget er basert på prosess som allereie blir nytta av Statsforvaltaren i Vestland. I Vestland har dei erfart at omtrent halvparten av moglege motsegn blir drøfta ferdig før Statsforvaltaren sender uttale til planar. Dette er i tråd med vår eigen oppleving av at langt dei fleste motsegner som blir fremma, blir løyst på administrativt nivå i dag, utan mekling.

Forslaget blei presentert i fylkesstyremøte hos KS 31. januar i år.

FORSLAG TIL PROSESS

Hensikt

Hensikten med ei endra rutine for drøfting og handsaming av motsegner til kommunale planar er å få ned talet på motsegner som blir fremma, redusere tidsbruk hos kommunen og oss, og prioritere ressursar til dei sakene kor det er klar usemje.



Utkast til rutinar og prosess for drøfting av motsegner i høyringsperioden

Statsforvaltaren må tidleg i høyringsperioden ta stilling til om det kan vere aktuelt å fremje motsegn til planen. Viss det er meldt om moglegheit for motsegn internt, tar sakshandsamar hos Statsforvaltaren kontakt med kommunen for å avtale eit drøftingsmøte i rimeleg tid før høyringsfristen går ut. Viss det er varsla motsegn frå andre statlege etatar, kan det vere aktuelt å ha med dei også i eit slikt møte.

Viss kommunen ønskjer ein prosess med drøfting før uttale, må kommunen gje utsett frist for uttale til planen, slik at retten for høyringspartane til å fremje motsegn ikkje fell bort. Sidan Statsforvaltaren har eit samordningsansvar for motsegner frå ei rekke statlege partar, må utsett frist også gjelde for dei andre partane i den statlege samordninga. Utsett frist kan anten avtalast i forkant av møtet, eller i sjølve møtet, etter at behov for endring av planen og/eller dialog mellom partane er avklart. Stadfesting av utsett frist må gis skriftleg.

Kommunen avgjer sjølv kven som skal delta i møtet. I dei enklaste sakene kan det vere tilstrekkeleg med møte mellom kommunen og sakshandsamar hos motsegnsparten. Viss kommunen vil drøfte sakar av meir prinsipiell karakter kan det vere aktuelt å ha med administrativ leiding og/eller politikarar.

I forkant av møtet vil Statsforvaltaren gi kommunen ein oversikt over tema i planen som dei ser trong for å drøfte, og eventuelt etterspørje manglande informasjon. Hensikten med møtet er at det skal vere ein open dialog, med moglegheiter for å stille spørsmål, avklare ukklarheiter, og sjå på moglege løysningar der høyringspartane vurderer motsegn. Statsforvaltaren skriv referat frå møtet.

Viss partane ikkje blir samde om ei løysing i møtet kan kommunen gå vidare med arbeidet med planen, med mål om ny drøfting eller eventuelt mekling etter høyringsperioden. Møtet som er gjennomført vil då vere eit godt grunnlag for vidare drøfting og mekling av planen.

VIDARE PROSESS

Vi tar sikte på å gå i gang med denne måten å føre dialog med kommunane på i plansaker allereie no, og håper at dette blir tatt godt i mot hos kommunane. For å inkludere dei andre statsetatane i ordninga for statleg samordning i arbeid, vil vi invitere dei til eit møte for å informera om dette brevet. I det vidare vil vi vere ein pådrivar for at også dei andre statlege etatane skal komme inn i ein slik tidleg dialog med kommunane.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger

Adresseliste:

Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn